



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonulenten på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post: lars.mjos@osteroyindustri.no
www.osteroyindustri.no

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET

tysdag 21.4. 2015 kl 18.30

hjá Jakta Metall AS, Hauge

* Årsmøtet:

15 medlemmer møtte.

1 Godkjenning av innkallinga. *Godkjent.* Val av møteleiar. *Formannen.* Val av skrivar. *Sekretæren.* Val av 2 medlemmer til å underteikne møteprotokollen. *Kjell Lerøy og Johan Solberg.*

2 Årsmelding og rekneskap Sjå årsmelding og rekneskap i vedlegg. *Rekneskapen er revidert.*

Vedtak: Godkjende.

3 Fastsetjing av **medlemspengane**. Fastsetjing av **godtgjersle for styre og sekretær**.

Styret gjer framlegg om å ikkje endre medlemspengane.

1 tilsett	800 kr/år
2-4 tilsette	1.150 kr/år
5-9 tilsette	1.600 kr/år
10-14 tilsette	1.950 kr/år
15-30 tilsette	2.850 kr/år
31 og fleire tilsette	4.000 kr/år

Tillegg for personlege medlemmer utover leiaren: 400 kr/år

Årleg godtgjersle til formannen; kr 5.000.

Det vert ikkje betalt godtgjersle til andre i styret.

Godtgjersle til revisor: kr 1.000.

Årleg godtgjersle for sekretærarbeidet; kr 40.000.

Vedtak: Godkjend.

4 **Budsjett**. Sjå vedlagde oppstilling saman med rekneskapstala.

Vedtak: Godkjend.

5 Eventuelle **innkomne saker**. *Ingen inkomne saker.*

6 Val.

Valet vart leia av valnemnda ved Arnbjørn Vevle:

Styret:

Leiar Lars Magne Bysheim, på val *Attval*

Eimund Øvsthus, ikkje på val

Jørund Vevle, ikkje på val

Kjell Lerøy, på val *Attval*

Ivar Solberg, på val *Attval*

Varamedlemmer:

Johan Solberg, på val *Attval*
Rolf Hagebø, på val *Attval*
Eileen Aasheim, på val *Attval*

Turnemnd: Johan Solberg og Rolf Hagebø, begge på val *Attval*

Styringsutvalet for Industrikonsulentent:

Sigbjørn Reigstad med Vivian Jacobsen som personleg varamedlem, ikkje på val
Arne Hansen med Stig Eknes som personleg varamedlem, på val *Attval*
Ordføraren i Osterøy; Kari Foseid Aakre

Revisor. Norodd Helle, på val. *Attval*

Valnemnd, alle på val: Arnbjørn Vevle og Asle Nilssen *Attval*

7 Årsmelding for Industrikonsulentent (meldingssak). Kort orientering i møtet.
Årsmeldinga er ikkje heilt klar enda.

Etter årsmøtet kan andre meldingar og andre saker takast opp.

Osterøy den

Kjell Lerøy

Johan Solberg

*I kaffipausen var det overrekking av **idrettsplaketten**;*

*Vinnar i 2015 var **Mjøs Metallvarefabrikk AS** og Bjørn Øvsthus tok i mot på veggen av bedrifta. Dei har m.a. volleyballkampar så godt som kvar einaste lunsjpause. Elles kan nemnast at mange deltek på maraton Brakvatnet rundt. 3 tilsette har fullført. Norsemen Extreme.*

Etter årsmøtet orienterte formannen m.a. om:

*Det vert slutt på **bompengane** på Osterøybrua før 1. juli.*

*Det vart aldri lagt **toppdekke i Hannisdalslinja**. Formannen foreslår at evt. overskott frå bompengainnkrevjinga bør brukast til toppdekke.*

*Reguleringsplan for ny veg gjennom **Vesetgjelet** vert fremja innan ganske kort tid.*

*Vatn og og kloakk til **Espevoll** vert ikkje lagt i vegtraseen gjennom Vesetgjelet.*

*Kommunen er no i gang med mal for **utbyggingsavtalar**.*

*Styret har fokus på temaet **rekkefølgekrav i reguleringsplanar**. Me lurar m.a. på om vegvesenet kan stille rekkefølgekrav slik dei gjer? Har dei heimel til dette?*

*Styret har gjort innspel til kommunen i samband med **vegomlegginga i Hosanger** om at den delen av Kleiva der det står ei smie, vert planert heilt ned og smia flytta i plassen for delvis nedplanering utan at smia vert flytta.*

*Det vert no frakta store mengder stein i samband med **vassprosjektet Fotlandsvåg- Tysse**.*

Turnemnda orienterte om at dei førebur ein tur til **Sverige** i februar/mars 2016.

*Sekretæren orienterte om at **Opro** gjerne vil orientere om sine tilbod på eit medlemsmøte.*

*Industrilaget har fått spørsmål frå ein ordførarkandidat om å få møte på eit medlemsmøte for å få underlag for utforming av partiprogrammet. Det var stemning for å **invitere partia til eit medlemsmøte**.*

Dette må gjerast raskt.